



Jnr. 1016.20  
GJG/rr

Ordfører og rådmann/kommunedir. i Sunnhordland  
Ordfører og rådmann i Haugesund kommune  
Ordfører og rådmann i Vindafjord kommune

### **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**Fredag 7. februar kl. 09.30 på Austevoll vg. skule**  
**Adresse: Sauganeset 18, Storebø.**

#### **Då vert føre:**

- Sak 03/20 Godkjenning av referat frå møte 5. desember 2019 og ekstra sak 01/20 og 02/20  
Sak 04/20 Val av to representantar til styret i Sunnhordland museum  
Sak 05/20 Bruk av tiltakspott  
Sak 06/20 Skjønsmidlar frå fylkesmannen  
Sak 07/20 Ferjetilbodet i Sunnhordland  
Sak 08/20 Skriv og meldingar
- a) Uttale Havbrukskatteutvalet
  - b) Fellesmøte med fylkes- og stortingsrepr. 28 februar
  - c) Møte med Atheno
  - d) Møte i kommunane
  - e) Budsjett 2020
  - f) Prosjekt mot forsøpling
  - g) Innspelsmøte NTP
- Sak 09/20 Ymse

#### **Tidsplan:**

- Kl. 09.30 - 11.00 Omvisning og orientering - Austevoll vg. skule  
v/ rektor Vivian B. Horgen  
Orientering om «Attraksjon Sunnhordland» v/ Sveinung Hansen
- Kl. 11.00 Saker til handsaming
- Kl. 12.30 Lunsj  
Saker til handsaming

Sunnhordland, 30. januar 2020

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. februar kl. 09.30  
Austevoll vg. skule, Storebø

Sak 04/20  
GJG/rr

### VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL STYRET I SUNNHORDLAND MUSEUM

Sunnhordland Museum hadde framlegg til nye vedtekter på høyring våren 2019. Samarbeidsrådet vedtok å ikkje gje høyringssvar.

Nye vedtekter for Sunnhordland Museum er no godkjent hjå Stiftelsestilsynet (vedtektene ligg som vedlegg).

#### §3 Føremål

*Stiftinga Sunnhordland Museum skal utvikla ein sterk og allsidig kunnskapsorganisasjon, og vera ein profilert samfunnsaktør som gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling bidreg til å utvikla samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtidig i sunnhordlandsregionen.*

*Sunnhordland museum skal leggja vekt på å forstå og formidla eiga historie og eigen kulturarv og dei samanhengane desse går inn i. Ut i frå dette føremålet skal ein driva og utvikla museumsverksemda ved dei samlingane og tiltaka i regionen Sunnhordland museum eig eller har ein samarbeidsavtale med.*

*Verksemda skal leggjast opp og drivast etter retningslinjer som er godkjende av offentlege instansar.*

I høve til val av styret er Samarbeidsrådet tildelt ei rolle:

#### §6. Styret

*Styret er stiftinga sitt høgste organ.*

*Styret skal ha sju medlemmer som vert oppnemnd slik:*

- *Ein medlem med personleg varamedlem vert vald av og mellom dei tilsette.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer blir føreslått av valnemda, jamf. §8.*
- *To medlemmer med personlege varamedlemmer oppnemnde av fylkeskommunen.*

*Fylkeskommunen sine representantar er oppnemnde for fire år, dei andre for to år. Styremedlemmer føreslått av valnemnda kan ikkje veljast meir enn fem gonger. Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen.*

Sunnhordland Museum ber om at Samarbeidsrådet har nye medlemmer til styret klart innan 19. februar, då dette er siste møtedag for sitjande styret.

Administrasjonen har vore i dialog med valnemnda for å høyra om dei har tankar om samansetjinga av det nye styret både i høve til kompetanse og kjønn.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vel følgjande medlemmer og personlege varamedlemmer til styret i Sunnhordland museum:

- |   |       |        |                  |
|---|-------|--------|------------------|
| 1 | ..... | medlem | ..... varamedlem |
| 2 | ..... | medlem | .....varamedlem  |

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. februar kl. 09.30  
Austevoll vg. skule, Storebø

Sak 05/20  
GJG/rr

### **BRUK AV TILTAKSPOTTEN**

Kommunane løyver 7 kr. pr. innbyggjar til tiltakspotten. Desse midlane vert i stor grad nytta som eigendel av finansiering av prosjekt det er søkt om eksterne midlar til.

Statuttane for bruk av tiltakspotten er at det er Samarbeidsrådet som skal vedta kva midlane skal nyttast til. Dette på bakgrunn av ein prosjektplan og/eller ei sakshandsaming.

Administrasjonen legg med dette fram 2 prosjekt der det er søkt og motteke eksterne midlar. Dette gjeld delfinansiering av prosjektet Geopark Sunnhordland og prosjektet Deltakardriven produktutvikling.

I tillegg vert det lagt fram eit framlegg til løyving av midlar til kjøp av tenester innan reiselivssatsinga og prosess for tilsetjing av ny dagleg leiar.

### **Geopark Sunnhordland**

Samarbeidsrådet har fått midlar hjå Hordaland fylkeskommune til delfinansiering av eit hovudprosjekt som har følgjande hovudmål:

- Etablera Geopark Sunnhordland, klargjort for sertifisering i det europeiske og globale nettverket innan utgangen av 2020.

Delmål:

- Auka omsetnaden hjå aktørar som er deltakarar i geoparken
- Auka kunnskapen om kva rolle geologi og landskap har spela for vår kultur, historie og identitet
- Gje ny innsikt til fastbuande og tilreisande om korleis steinen, fjorden, fjella og øyane ved havet har prega menneska sine liv når det gjeld mat, arkitektur, musikk, reiskap, båtar og næringsliv.

Hovudprosjektet starta i november 2018 og har ei kostnadsramme på kr. 2 403 000,-. Finansieringa er delt mellom eigeninnsats bedrifter, eigeninnsats Samarbeidsrådet og Hordaland fylkeskommune, som har løyvd kr. 1 000 000,-.

I finansieringsplanen er det lagt inn andel på kr. 136 000,- frå tiltakspotten i 2018 og kr. 136 000,- i 2019. Det er tidlegare gjort vedtak på midlane i 2018, men ikkje formelt vedtak for midlane i 2019. Administrasjonen ber difor om ei løyving på kr. 136 000,- frå tiltakspotten til prosjektet.

## **Deltakardriven produktutvikling**

For vidareutvikling av tilbod innan reiseliv har bedriftene prioritert 8 ulike satsingsområder. Gjennom deltakardriven produktutvikling får bedriftene større eigarskap til produktet. Dei er med på utviklinga, finn si rolle i ferdig produkt og tek større ansvar. Synleggjering av fordelar og ulemper med produkt, gjer deltakaren/produktet rusta for vidare drift og utvikling.

Det er lagt opp til samlingar med bedriftene, der det skal gjennomførast ein prosess fram mot ferdige produkt innafor kvar av dei ulike satsingsområda.

Deltakardriven produktutvikling gjev deltakaren goder som nettverk, produktspissing og gratis rådgeving ved deling av kunnskap i eit fellesskap.

### **Dei ulike satsingane i kortversjon:**

«**Badekar**» skal vera ei oppleving med mat, historie, bading og eventuelt ei overnatting.

Ei gruppe med bedrifter har starta arbeidet med utvikling av tilbodet, og dette kan vidareutviklast til andre bedrifter som ikkje har vore med på initiativet.

Tiltaket er og knytt til kortreiste matopplevingar.

### **Kortreiste matopplevingar**

Her skal nokre bedrifter gå saman om å pakka tilbod der mat, og kor maten kjem i frå skal vera sentralt. Historieforteljing vert sentralt i denne satsinga.

Her skal det og arbeidast med ulike menyar med kortreiste råvarer, alt i frå tre til 10 rettars menyar. Torstein Hatlevik frå Haaheim Gard vert mentor.

### **Mikroferie tysdag**

Ein del reiselivsbedrifter skal utvikla tilbod retta mot lokalbefolkninga / regionen mot ei vaksen målgruppe. Mat og lokalhistorie eller anna relevant tema skal vera det sentrale. Her kan det vera alt frå bedriftsinformasjon frå lokalt næringsliv, ei historisk hending i lokalmiljøet, geologi, folkehelse, religionshistorie, mm.

### **Kysttråkk**

Det skal utviklast nye sykkelruter i Sunnhordland. Ei av dei skal vera utvikla særleg tilpassa el-syssel. Kysttråkk kan og vera fotturar i kystlandskap.

### **Gull og gudar**

Formidling og opplevingar av Sunnhordland si rike vikinghistorie, geologi og kristninga av Norge, knytt til Moster. Etne, Moster og Fitjar har ei sterk vikinghistorie. Desse er aldri sett i samanheng retta mot reiselivet. Tysnes har Onarheimsgildet, med steinane på Årbakka. Her og fleire stadar er det historiar og opplevingar som kan bli utvikla til reiselivsprodukt.

Dette er og eit emne for å styrka opplevingar knytt til Geopark Sunnhordland.

### **Den eventyrlege kystreisa**

Vidareutvikla båt og båtliv, reiser med veteranbåt mm. Profilering av båthamnene i regionen ligg og i dette prosjektet.

### **Kystperleriket**

Vidareutvikling av tilbod knytt til merkevara Kystperleriket.

### **Kostnad og finansiering**

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 2 151 000,-

Hordaland fylkeskommune har løyvd kr. 924 000,- bedriftene skal inn med midlar inkl. eigeninnsats på kr. 1 092 000,- og Samarbeidsrådet kr. 135 000,- i eigeninnsats/-finansiering.

Administrasjonen ber med dette om at det vert løyvd kr. 75 000,- frå tiltakspotten.

## Influenser

VisitSunnhordland får mange førespurnader om influenses som ynskje å vitja regionen. *Influenser( engelsk : influencer) er eit låneord frå engelsk der personbetegnesen influencer betyr»påvirker» Ordet blir særleg brukt i reklame – og mediebransjen som samlenamn på opinionsleiarar og andre enkeltpersonar som ytrer seg offentleg på sosiale medier og i andre kanalar for å påverka haldningar og handlingar hjå lesarar og tilhengarar med same interesser.*

Visit Sunnhordland føl fleire influensarar, og har kontakt med ein som promoterer reiseliv på Instagram. Han lever av å reisa rundt i verda som fotograf og visuell historieforteljar. #kuhrmarvin. Styringsgruppa reiseliv ynskjer at han tek oppdrag i Sunnhordland, og ut i frå dialog ser det ut som han kan koma i mai. Visit Sunnhordland må betala honorar og reise. Bedriftene stiller med overnatting.

Innan reiseliv ser ein no at dyktige influensarar når lenger enn det journalistar som kjem gjennom presseturar gjer.

Visit Sunnhordland ynskjer å oppnå auka merksemd om regionen som grøn, vakker og eksotisk gjennom flotte bilete, og meiner at dette kan bli eit tiltak for å oppnå det.

Administrasjonen ber med dette om ei ramme på kr. 30 000,- til marknadsføring og profilering av regionen ved bruk av influenser.

## Rekruttering ny dagleg leiar

Jamf. Sak 02/20 er prosessen med rekruttering av dagleg leiar starta.

To av dei fire byråa har levert tilbod, og status no er at dei to som har levert tilbod justere sine etter kostnadsoppsettet og at dei to andre får høve til å levere tilbod etter same oppsett.

Samarbeidsrådet bør ikkje ta heile denne kostanden over drifta. Difor ber administrasjonen om at det vert sett av ei ramme frå tiltakspotten til dette arbeidet. Grunna anbudsreglar vert det gjeve ei orientering om ca kostnadar i møte.

Administrasjonen ber om at det vert sett av ei ramme til å dekke delar av desse kostnadane.

## **Status – tiltakspott**

<b>Saldo pr. 01.01.20</b>	<b>230 585</b>
Geopark	136 000
Deltakardriven produktutvikling	75 000
Influenser	30 000
<b>Ny saldo</b>	<b>-10 414</b>
<b>Inngåande 2020</b>	<b>454 000</b>
<b>Rekruttering</b>	<b>?</b>
<b>Ny saldo</b>	

### **Framlegg til vedtak**

Samarbeidsrådet går inn før løyving frå tiltakspotten til følgjande prosjekt:

Geopark Sunnhordland	kr. 136 000,-
Deltakar driven produktutvikling	kr. 75 000,-
Influenser	kr. 30 000,-
Rekruttering	kr.



## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. februar kl. 09.30  
Austevoll vg. skule, Storebø

Sak 06/20  
GJG/rr

### **Skjønsmidler frå fylkesmannen**

Fylkesmannen har i brev datert 8. januar d.å. invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2020. Fristen for kommunane til søkje om prosjektskjøn er fredag 13. mars.

#### Utdrag frå brevet frå Fylkesmannen:

*Fylkesmannen har sett av skjønsmidler for 2020 til fornying og innovasjon i offentleg sektor. Av den ordinære skjønssramma på 163 mill. kroner har Fylkesmannen til no fordelt 126,2 mill. kroner, som ein del av rammetilskotet til kommunane i Vestland for 2020. Resterande ramme vert sett av til generell fordeling gjennom året og til skjønsmidler til fornying og innovasjon. Fylkesmannen vil ta stilling til endeleg fordeling av desse midlane seinare. Vi inviterer med dette kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2020.*

*Det vert ei utlysing av midlane for 2020 og søknadsfristen for kommunane er sett til fredag 13. mars.*

#### **Retningslinjer**

*I retningslinjene frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet går det fram at skjønsmidlane til prosjektskjøn skal bidra til fornying og utvikling i kommunane. Formålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar i dei ulike tenesteområda for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, få meir lokal fridom, og mindre administrasjon og detaljstyring.*

*Departementet har i retningslinjene presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar, ta i mot tilskot og stå som ansvarlege for prosjekt. Kommunane kan likevel samarbeide med andre aktørar. Det må vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale parten både som initiativtakar og deltakar i dei prosjekta som får tildelt skjønsmidler.*

*Kommunane må syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og gjere greie for utfordringane sine. Det må og gå fram kva som er målet for prosjektet, budsjett, og val av løysingar som ein ønskjer å prøve ut.*

*Det blir ikkje gitt tilskot til utføring av ordinære driftsoppgåver, til næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen. Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*

*God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å syne det som blir oppnådd av nasjonale mål og føringar. Informasjon blir og lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.*

### **Satsingsområde**

*Kommunesektoren er i omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisere drifta.*

*Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren.*

*Fylkesmannen ønskjer å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.*

*Deltaking av fleire kommunar vil også kunne få fram større prosjekt som omfattar regionar og større geografiske område. Vi vil kunne gi tilskot til deltaking i nasjonale prosjekt som har overføringsverdi til andre kommunar i fylket.*

*I 2020 er det etablert ei ordning for tilskot til utgreiing av kommunesamanslåingar innafør departementet sine prosjektskjønsmidlar. Ordninga er nærare omtalt i kommuneproposisjonen for 2020 (side 52). Vi legg difor ikkje opp til å gi tilskot til dette føremålet for 2020 av Fylkesmannen sine skjønsmidlar, slik vi gjorde for 2019.*

### **Satsingsområde i 2020 for kommunane i Vestland:**

- 1. Kommunale tenester til: - helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri - barnehage- og skulemiljø - barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep*
- 2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald: - samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket bruker same kompetanse- og teknologiplattform, blir prioriterte*
- 3. Samfunnsutvikling; til dømes på desse områda: - rekruttering - interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur - kommunale planverktøy og digitale kart - samfunnstryggleik og beredskap - klimatilpassing eller tiltak for å redusere klimagassutslepp*
- 4. Interkommunale utviklingsprosjekt: - tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma*

### **Kommunal forankring og ansvar**

*Det blir lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klåre kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt.*

*I retningslinene for skjønstilskot frå departementet var det tidlegare lagt til grunn at det må vere ein kommunal eigenfinansiering. Vi har difor tidlegare lagt til grunn at skjønsmidlar frå Fylkesmannen ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene i prosjektet. Sjølv om det ikkje lenger er eit krav at det skal vere kommunal eigenfinansiering, vil vi prioritere prosjekt med eigenfinansiering.*

### **Prosess for tildeling**

*I Hordaland har det tidlegare vore ein søknadsprosess der regionråda har hatt ei koordinerende rolle. Fylkesmannen har vore ansvarleg for sjølv tildelinga, men denne har i stor grad bygd på prioriteringane frå regionråda. I Sogn og Fjordane har KS hatt den same rolla.*

*Vi har vurdert om det er føremålstenleg at regionråda og KS framleis skal ha denne rolla knytt til prosjektskjøn no når kommunestrukturen har blitt endra. Vi er komen til at kvart av regionråda og KS sjølv kan ta stilling til om dei ønskjer å ha denne rolla i 2020. Det inneber at dei kan vurdere søknadene og sende brev til Fylkesmannen med prioritering og grunngjeving om dei ønskjer det.*

*Vi legg opp til at kommunane søkjer om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Fylkesmannen. Som tidlegare skal det sendast søknad på eige søknadsskjema som ligg i portalen for prosjektskjøn.*

### **Vurdering:**

Administrasjonen i Samarbeidsrådet har i fleire år sakshandsama søknadane frå kommunane og oversendt vedteke prioritering til Fylkesmannen. Dette har til tider vore eit krevjande arbeid i tillegg til at det har vore vanskeleg for administrasjonen å prioritere mellom søknadane. Det har frå Fylkesmannen ikkje vore kompensert økonomisk for arbeidet som vert lagt ned i regionrådet.

Samarbeidsrådet har tidlegare drøfta om det er føremålstenleg at regionrådet prioriterer mellom kommunane sine søknadar, dette på bakgrunn av at det er tidkrevjande og at ein ikkje ser så mykje att av den prioriteringa som regionrådet har gjort. Samarbeidsrådet har likevel valt å utføre arbeidet på oppmoding av Fylkesmannen.

Når Fylkesmannen no opnar for at det er opp til regionrådet å bestemme om ein ønskjer å gjera ei prioritering blant søknadane i regionen, meiner administrasjonen at tida er inne til at kommunane sjølv gjer prioritering blant sine søknadar før dei vert sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vedtek at kvar kommune sender søknad(ane) inn til Fylkesmannen gjennom <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> , utan at regionrådet prioriterer mellom søknadane.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. februar kl. 09.30  
Austevoll vg. skule, Storebø

Sak 07/20  
GJG/rr

### **FERJETILBODET I SUNNHORDLAND**

I handlingsplanen for 2019 er det prioritert følgande arbeid vedrørende ferjer:

- Arbeida aktivt for å få auka frekvens og opningstider på sambanda
- Støtta opp om arbeidet med innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord
- Fokus på konsekvensar ved innføring av autopass
- Arbeida for eit ferjetilbod med berekraftig prising som ivaretek lokale og regionale omsyn for transport, under dette motverka negative konsekvensar av innføring av autopass og nye ferjeambod.

Handlingsplanen er gjeldande fram til den vert erstatta av ein ny for 2020, som skal godkjennast i representantskapet i april. Det er god grunn til å tru at desse utfordringane og vert ein del av arbeidet i 2020.

Ordførar Hilde Enstad i Kvinnherad kommune har bede om at det i møte vert teken ei drøfting på blant anna regularitet og rutetilbod på ein del av sambanda i regionen.

Det føregår for tida drøfting langs store delar av kysten om auka kostnader for reisande etter innføring av autopass. Dette drøfta Samarbeidsrådet i sitt møte 8. november 2019. Der la styreleiar Morten Storebø fram ein tabell som synte auken på dei fleste sambanda i regionen.

Med bakgrunn i ovannemnde vert sak om ferjer lagt fram til drøfting med mål om å gjera nødvendige prioriteringar for vidare arbeid.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. februar kl. 09.30  
Austevoll vg. skule, Storebø

Sak 08/20  
GJG/rr

### SKRIV OG MELDINGAR

**a) Uttale Havbrukskattetuvalet**

Uttalen er sendt ut skal godkjennas pr. epost. Uttalen vert sendt til Fiskeridepartementet.  
Uttalen ligg som vedlegg.

**b) Fellesmøte med fylkes- og stortingsrepresentantar 28. februar**

Det er lagt opp til eit møte med fylkes- og stortingsrepresentantar fredag 28.februar.  
Samarbeidsrådet må ta ei drøfting på kva som skal vera tema i dette møtet.

**c) Møte med Atheno**

Fagforumet for Bedriftsleiarane i Atheno (alle leiarane til Atheno sine eigarar/medlemsbedrifter) har invitert inn Samarbeidsrådet på felles samling med middag 5. mars kl.16.00 – 20.00.

Programmet for samlinga vert sendt ut så snart det føreligg.

**d) Møte i kommunane**

Administrasjonen har invitert seg ut til kommunane for å få gitt ei orientering om arbeidet i rådet, med hovudfokus på reiseliv, geopark Sunnhordland og arbeidet med sertifisering av Sunnhordland som berekraftig reisemål.

**Dato for møta:**

10. februar	Bømlo
17. februar	Sveio
18. februar	Etne
26. februar	Fitjar
5. mars	Tysnes
26. mars	Kvinnherad
2. april	Stord
15. april	Austevoll

#### **e) Budsjett 2020**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt budsjett vert godkjent av representantskapet på årsmøte, som bruker å vera gjennomført innan april kvart år.

I valåra har det blitt lagt fram i desember, då det alltid er eit møte i etterkant av valet.

Då administrasjonen la fram budsjettet for 2020 vart det ei drøfting kring budsjettet. Representantskapet etterlyste blant anna eit rekneskap å sjå budsjettet i høve til, og meinte at det var lagt inn ein for høg sum i krav om eigeninntening for å få budsjetter i balanse. Representantskapet ba og om at alle prosjekta vert arbeidd inn i eit samla budsjett. Representantskapet gjorde følgjande vedtak:

*Representantskapet tek budsjett til orientering. Endeleg budsjett vert lagt fram til godkjenning i representantskapsmøte 24. april 2020.*

Administrasjonen meiner at det er behov for å ha ei drøfting på behovet for eigeninntening, og føreslår at Arbeidsutvalet bør ha ein gjennomgang på behovet for eigeninntening før budsjettet vert lagt fram til godkjenning i representantskapet.

Representantskapet ynskter at økonomien i prosjekta vert synleggjort i budsjett. Administrasjonen skal ha møte med revisor 6. februar for å sjå på dette.

#### **f) Prosjekt mot forsøpling**

Det er lagt opp til eit møte med ulike aktørar tysdag 4.februar. Tema på møte vert korleis me saman kan ta ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland, og kven som bør involverast i dette arbeidet.

#### **g) Innspelsmøte NTP**

Vestland fylkeskommune er invitert til å gje fråsegn til Samferdselsdepartementet om viktigaste prioriteringane til Nasjonal transportplan 2022-33. Som ledd i førebuinga til dette arbeidet vil fylkesordførar Jon Askeland invitere til innspelsmøte.

Det blir tre møte;

19 februar i Bergen kl 10-15

21. februar på Stord kl. 10 -14.00

27. februar på Skei i Jølster kl 9.30-13.30

På møtet på Stord vert Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland inviterte.

På møta vert det informert om arbeidet både nasjonalt og regionalt med NTP, og det blir moglegheit for å gje innspel til høyringsfråsegnet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen ønskjer synspunkt frå regionråda i fylket, og ber om at kvar av regionråda held eit innlegg på inntil 10 minuttar om dei viktigaste prioriteringane sett frå regionråda si side.